

# Kvinnheradpakken

Forslag til delfinansiering med bompengar

Grunnlag for lokalpolitisk behandling



Furebergfossen, Fv. 551 – Foto: Bjarne Øymyr

Bergen 02.10.2018

## Innhald

|                                                  |    |
|--------------------------------------------------|----|
| 1. Samandrag .....                               | 3  |
| 2. Omtale av Kvinnheradpakken .....              | 3  |
| 3. Politiske vedtak .....                        | 5  |
| 4. Prosjekt i pakken.....                        | 7  |
| 4.1 Omtale av prosjekta.....                     | 8  |
| 5. Utbyggingsplan .....                          | 25 |
| 6. Finansieringsplan .....                       | 25 |
| 6.1 Bompengar .....                              | 25 |
| 6.2 Fylkeskommunale midlar .....                 | 26 |
| Ordinære fylkeskommunale midlar.....             | 26 |
| Skredsikringsmidlar .....                        | 26 |
| 6.3 Kommunale midlar.....                        | 26 |
| Ordinær kommunal løyving .....                   | 26 |
| Kompensasjon for auke i arbeidsgivaravgift ..... | 27 |
| 6.4 Oppsummering av finansiering .....           | 27 |

## 1. Samandrag

Det er stort behov for utbetring av vegnettet i Kvinnherad. På mange vegstrekke er vegbana smal og svingete, og enkelte strekningar er utsett for skred. Standarden på mange bruer er lite tilfredsstillande. I sentrale områder der gåing og sykling kan vere eit alternativ til bil, manglar det samanhengande gang- og sykkelveggar. Ved å gjennomføre dei tiltak det er lagt opp til i pakken, som utbetringstiltak, skredsikring, bygging av gang- og sykkelveggar, fjerning av flaskehalsar mm., vil framkomsten både for køyretøy og mjuke trafikantar bli betre. Tiltaka vil samstundes auke trafikktryggleiken for alle trafikantgrupper.

Kvinnherad kommune vurderer innkorting av sambandet til Stord som det viktigaste av dei større prosjekta i kommunen. Plasseringa av ferjeleiet er i planfase. Det er uvisst når endeleg lokalisering blir vedtatt. For å unngå at dette prosjektet forseinkar prosessen med utforminga av ein Kvinnheradpakke, er det tilrådd at handteringa av prosjektet blir vurdert når planar, kostnader og finansiering er avklart. Det kan gjennomførast som eit eige prosjekt, eller innarbeidast i Kvinnheradpakken gjennom ein revisjon av pakken.

Det er føresett bompengar på dei største ferjesambanda til og frå Kvinnherad:

- Fv. 544/E39 Ranavik – Skjersholmane
- Fv. 48 Gjermundshamn/Varaldsøy – Årsnes
- Fv. 48 Skånevik/Matre – Utåker


Gjennomsnittleg inntekt per passering er berekna til å vere mellom 35–43 kr (2018–kr). Bompengetaksten vert eit påslag på ferjebilletten på 6–7 takstsoner etter AutoPASS-regulativet for ferjetakstar 2018.

Bompengesaka om Kvinnheradpakken til Stortinget gjeld investeringar på fylkesvegnettet i Kvinnherad. Pakken har ein samla kostnadsramme på 746 mill. 2018–kroner. Totalt skal det nyttast 836 mill. kr til fylkesvegsatsinga i kommunen.

## 2. Omtale av Kvinnheradpakken

Kvinnherad kommune ligg i Sunnhordland og grenser til kommunane Etne i sør, Odda i aust, Jondal, Kvam og Fusa i nord, og Tysnes og Stord kommunar i vest. Hovudvegnettet i Kvinnherad kommune består fv. 551 mellom Folgefonntunnelen og ferjekaien på Årsnes, fv. 48 frå Årsnes til Utåker og fv. 544 til Halsnøy.

Kvinnherad har vegsamband til Odda kommune gjennom fv. 551 Folgefonntunnelen, og til Jondal kommune via fv. 107 Jondalstunnelen. Kommunikasjon mot Fusa, Kvam og Os går via ferjesambandet fv. 48 Gjermundshamn – Varaldsøy – Årsnes. Kvinnherad er knytt til kommunane i vest via ferjesambandet fv. 544 Ranavik – Skjersholmane, og til Etne i sør via ferjesambandet fv. 48 Skånevik – Utåker.



Figur 1: Oversiktskart Kvinnherad kommune

Deler av vegnettet i Kvinnherad er i dårleg stand. Dette gjeld både med omsyn til framkoma og i høve trafikktryggleik. For det lokale næringslivet er konsekvensen av dagens vegstandard svekka konkurransekraft. På sikt vil dette kunne gå utover busetnaden i kommunen. Føremålet med pakken er å snu denne utviklinga, frå stagnasjon til vekst. Dette kan ein oppnå mellom anna ved å effektivisere kommunikasjonen i kommunen.

Kvinnherad kommune har i rapporten: «*Kvinnheradspakken prioritering og finansiering av samferdselsprosjekt*», datert april 2016, kartlagt behovet for investeringar i vegprosjekt som kommunen meiner det er naudsynt å gjennomføre, for å oppretthalde konkurransekrafta for det lokale næringsliv og busetnaden i kommunen.

Kommunen vurderer innkorting av sambandet mellom Kvinnherad og Stord som det viktigaste av dei større vegprosjekta. Utdringa i dette prosjektet er plassering av ferjeleiet på Stord. Det er gjennomført fleire utgreiingar i regi av fylkeskommunen og fleire alternativ er vurderte. Prosjektet er viktig både i høve til Stord, der mange Kvinnheringar har sin arbeidsplass, og i høve til tilkopling til E39.

Lokalisering av eit framtidig ferjeleie på Stord og eventuelt på Halsnøy er ikkje bestemt. For å unngå at manglande avklaringar skal forseinke prosessen med å utarbeide ein

Kvinnheradspakke, er det lagt opp til at innkortingsprosjektet blir fremma når planar og finansiering for eit nytt ferjeleie på Stord og eventuelt nytt ferjeleie på Halsnøy er avklart. Prosjektet kan så handsamast som eit eige bompengeprojekt, likt med bompengeprojektet Gjermundshamn – Årsnes eller innarbeidast i Kvinnheradspakken gjennom ein revisjon av pakken. Planlegginga av nytt ferjeleie kan dermed skje parallelt med utarbeiding og gjennomføring av Kvinnheradspakken.

Behovet for tiltak på fylkesvegane går langt utover rammene til Kvinnheradspakken. I denne omgang er det lagt opp til å utvide smale parti og flaskehalsar, og bygging av ny veg i område som er utsett for skred. I tillegg vil det bli bygd gang- og sykkelveger.

### 3. Politiske vedtak

Kvinnherad kommunestyre har drøfta spørsmålet kring ein Kvinnheradspakke i fleire omgangar. I kommunestyret i møte den 25.09.2014 i sak 51/2014 vedtok Kvinnherad kommune å arbeide vidare med ein Kvinnheradspakke for gjennomføring av vegutbetring og trafikksikring i kommunen. Kommunestyret fatta følgjande vedtak 17.12.2015 i sak 105/2015:

#### 1. Mandat

- a. *Kvinnheradspakken skal omfatta samferdsleprosjekt som skal skape ny vekst, utvikling og stabilitet i Kvinnherad.*

*Følgjande tiltak skal ha høgast prioritet:*

- Innkorting og/eller oppgradering av sambandet mot E39 Stord*
- Fv 48 mot Bergen over Årsnes*
- Fv 551 mot E134 gjennom Folgefonntunnelen*
- Fjelbergsambandet*

*Arbeidet med Kvinnheradspakken og finansiering av tiltaka, skal gjennomførast i nært samarbeid med næringslivet og Hordaland fylkeskommune.*

*Kontakten med fylkeskommunen skal gå gjennom ordføraren og rådmannen.*

*Målet er å få flest mogeleg av prioriterte prosjekt inn i neste Regional transportplan (RTP 2018–2027)*

- b. *Trafikksikringsplanen skal vera førande for prioritering av trafikksikringsprosjekt.*
- c. *Før finansiering av samferdsels- og trafikksikringsprosjekt, vil det vera aktuelt både med bompengar, ferjeavløysingsmidlar og forskotering, også ved bruk av kraftfondet.*
- d. *Kvinnheradspakken skal ikkje omhandle statlege samferdsleprosjekt som E39, nytt aust/vestsamband ol. Desse sakene vert behandla separat av kommunestyret i samband med offentlege høyringar, og vedtaka vert førande for arbeidet med Kvinnheradspakken.*
- e. *Ved alle prosjekt i Kvinnheradspakken skal det leggjast stor vekt på trafikksikring og universell utforming . Dette gjeld og i høg grad for ferjene.*

2. *Forslag til Kvinnheradspakke med prioritering av tiltak og forslag til finansieringsmodellar, skal godkjennast av kommunestyret. Då skal også den vidare organiseringa av arbeidet vedtakast.*
3. *Rådmannen stiller med sekretariat.*
4. *Rådmannen skal til neste møte i formannskapet vurdere om Kvinnheradspakken skal utarbeidast som ein kommunedelplan og eventuelt utarbeida forslag til planprogram og oppstart.*

Med utgangspunkt i vedtaket i 2015 har kommunen utarbeidd ein oversikt over aktuelle vegprosjekt i kommunen som kan inngå i ein Kvinnheradspakke, samt forslag til finansiering. Utgreiinga med tittelen «Kvinnheradpakken 2016» blei handsama i kommunestyret i møte den 28.04.2016. Følgjande vedtak blei fatta:

1. *Formannskapet ber arbeidsgruppa for Kvinnheradspakken arbeida vidare med prioriteringar og investeringar og leggja saka fram i kommunestyret sitt møte i juni d.å.*
2. *Budsjett 2016 og økonomiplan 2016 – 2019 blir å justere i tråd med forslag til finansiering av strakstiltaka i Kvinnheradspakken.*
3. *Prosjekt under «strakstiltak» skal startast opp snarast råd.*
4. *Rådmannen får i oppdrag å starta arbeid med framlegg til bompengesøknader. Alle alternativ skal utgreiast.*
5. *Arbeidet med trafikkisikring i Herøysund skal ha høgste prioritet i eigen prosess.*
6. *Arbeidsgruppa til Kvinnheradspakken får i oppgåve å vurdere etablering av pådrivarselskap i høve vidare arbeid med Fjelbergsambandet. Selskapet skal arbeida med å karlegga, organisera og realisera arbeidet med Fjelbergsambandet, i tett samarbeid med Kvinnherad kommune, Hordaland fylkeskommune og andre interesserte partar. Det skal til ei kvar tid vera representantar i eit eventuelt selskap frå politisk og administrativ leiing i Kvinnherad kommune. Kvinnherad kommune inviterer Hordaland Fylkeskommune og Fjelberg Bygdalag til å delta i selskapet.*
7. *Gong- og sykkelveggar bør byggjast som fortau med rekkverk, eksempel sentrum Uskedalen – Korsneset. Ei slik utbygging vert sikrare, billigare og krev mindre areal og vedlikehald.*

Kvinnherad kommune har saman med Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune inngått i ei arbeidsgruppe som har utarbeidd ein bompengesøknad for Kvinnheradpakken. I tråd med Statens vegvesens retningslinjer for prosess for bompengesaker vart det fremma ein prinsippsak om Kvinnheradpakken i kommunestyret 28. september 2017. Kommunestyret fatta følgjande vedtak:

1. *Kommunestyret sluttar seg til vedlagte grunnlag for «Kvinnheradpakken – Bompengesøknad», herunder omfang og prioritering av tiltak. Endeleg bompengesøknad skal seinare vedtakast i kommunestyret, før den vert sendt vidare til Fylkestinget og Stortinget.*

2. *Kvinnherad kommune forpliktar seg til å yta eit samla tilskot på kr. 90 mill. NOK, fordelt med eit årleg tilskot på kr. 22,5 mill. NOK (2017 kroner) for åra 2018, 2019, 2020 og 2021.*
3. *Det blir innført bompengar for dei 3 største ferjesambanda, Årsnes – Varaldsøy – Gjermundshamn (2021), Utåker – Matre – Skånevik (2021) og Ranavik – Skjersholmene (2023). Påslaget vert 6 takstsoner med dei rabattar som til ei kvar tid er gjort gjeldande. Innkrevjingsperioden er 15 år, men kan ev. seinare utvidast.*
4. *Rådmannen får mandat til å arbeida vidare med detaljane i bompengesøknaden.*

## 4. Prosjekt i pakken

Det er til saman 9 prosjekt i pakken som er prioritert frå 1 til 9. Tiltaket som er prioritert som nr. 3, er delt i to prosjekt. Dei er planlagt gjennomført samstundes. Det største prosjekta i pakken er eit skredsikringsprosjekt og er kostnadsrekna til 350 mill. 2018-kroner. I tabellen under er prosjekta lista opp i prioritert rekkefølge. Prioriteringa er framkomen som resultat av samarbeid mellom Kvinnherad kommune, Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen.

*Tabell 1 Oversikt over prosjekt og kostnader (2018-kr) for Kvinnheradpakken*

| Pri                                                 | Vegnr.    | Prosjekt                                                  | Status                                                     | Kostnad 2018-kr |
|-----------------------------------------------------|-----------|-----------------------------------------------------------|------------------------------------------------------------|-----------------|
|                                                     | Fv 48     | Ny veg Lundssvingane                                      | Ferdig bygd                                                | 40              |
|                                                     | Fv 48     | Kollektivtiltak Rosendal                                  | Under bygging                                              | 38              |
|                                                     |           | Kollektivtiltak Husnes                                    | Tiltaket er regulert                                       | 12              |
| Totalt, fylkesvegprosjekt Kommunen er byggherre for |           |                                                           |                                                            | 90              |
| 1                                                   | E39       | Nytt ferjesamband mot Stord, planlegging                  | Kun planlegging, Interkommunal kommunedelplan under arbeid | 5               |
| 2                                                   | Fv 551    | Furebergfossen bru                                        | Totalentreprise lyst ut                                    | 57              |
| 3A                                                  | Fv 551    | Følgefonntunnelen – Årsnes, byggetrinn 1 (Tunnel Sunndal) | Manglar reguleringsplan                                    | 350             |
| 3B                                                  | Fv 551    | Følgefonntunnelen – Årsnes, byggetrinn 1 (Vegutbetring)   | Manglar reguleringsplan, truleg ikkje behov for plan       | 100             |
| 4                                                   | Fv 48     | Herøysundet                                               | Reguleringsplan venta godkjent hausten 2018                | 29              |
| 5                                                   |           | TS tiltak – generelt (punktutbetring)                     | Ikkje trong for reguleringsplan                            | 33              |
| 6                                                   | Fv 544    | Sæbøvik – Eidsvik – Tofte                                 | Delvis godkjent reguleringsplan                            | 32              |
| 7                                                   | Fv 544/48 | Opsanger – Porsvik                                        | Delvis godkjent reguleringsplan                            | 87              |
| 8                                                   | Fv 48     | Sandvoll Sentrum, byggetrinn 1                            | Reguleringsplan godkjent, behov for oppfrisking            | 45              |
| 9                                                   | Fv 551    | Følgefonntunnelen – Årsnes Byggetrinn 2                   | Kun midlar til planlegging,                                | 8               |
| Totalt, Kvinnheradpakken                            |           |                                                           |                                                            | 746             |
| Totalt fylkesvegsatsing i Kvinnherad                |           |                                                           |                                                            | 836             |



Figur 2: Oversiktskart som viser plassering av dei ulike prosjekta i kommunen i prioritert rekkjefølgje.


## 4.1 Omtale av prosjekta

### 4.1.1 Nytt ferjesamband Stord – Kvinnherad, tilknytning E39, planmidlar

Innkorting av ferjesambandet mellom Kvinnherad og Stord er viktig – ikkje berre for Kvinnherad åleine, men også for å binde saman Sunnhordlandsregionen og styrkje den felles bu- og arbeidsmarknaden. I høve til dagens løysing er det stort potensiale for auka transporteffektivitet og meir berekraftige transportløyningar. Hordaland fylkeskommune driv fram arbeidet med ein interkommunal plan for nytt ferjesamband, og det er stor vilje i begge kommunar til å jobbe fram eit meir attraktivt og miljøvenleg samband mellom dei to kommunane. I tillegg til å knyta regionen saman skal sambandet gi Kvinnherad god tilknytning til E39.

Hausten 2017 starta arbeidet med ein interkommunal plan for ferjesambandet. Det vert først gjennomført alternativvurdering med silingsprosess før utforming av ein overordna plan tek til. Denne skal så vedtakast som kommunedelplan i kvar av dei

to kommunane og seinare følgjast opp med reguleringsplanar for dei ulike delane av prosjektet. I dei innleiande rundar av planprosessen vert det vurdert alternative lokaliseringar av ferjekai i Kvinnherad både på nordre del av Halsnøy og i Sundeområdet.



*Figur 3: Figuren viser nokre av dei ulike konsept for nytt ferjesamband som vert vurdert i ein tidleg fase av planarbeidet.*


#### **4.1.2 Fv. 551 Furebergfossen bru**

Furebergfossen er ein spektakulær foss som ein passerer langs fv. 551, mellom Årsnes og Folgefonntunnelen, og er lokalisert ved ein av inngangsportane til Nasjonal turistveg Hardanger. Furebergfossen bru er rekna som det mest skredutsette punktet på fylkesvegnettet i Hordaland (skredfaktor på 5,5). Årsaka er steinsprang som kjem med vassføringa i fossen. Ved høg vassføring går vasspruten over brua, slik at trafikken ofte må dirigerast og i årlege tilfelle må brua stengjast. Brua er underdimensjonert, har glatt vegdekke (av trematerial) og standarden er generelt dårleg.

Målet med prosjektet er å skredsikre vegstrekninga ved å bygge ny bru, som òg vil betre framkome på fv. 551. Ny bru skal byggjast lengre ut mot fjorden (vekk frå skredutsett område) og vil få auka vegbreidde med asfaltert vegdekke. Brua vert 50 meter lang og prosjektet omfattar 310 meter veg med kopling til eksisterande vegnett. Det vert tilrettelagt med ei stopplomme for besøkjande. Reguleringsplan var godkjent i 2017 og prosjektet vert lyst ut som totalentreprise hausten 2018.

Kommunen ynskjer i framtida å utvide tilbodet for turistar og andre som ynskjer stoppe opp langs vegen.


Prosjektet er i hovudsak finansiert med skredsikringsmidlar og fylkeskommunale midlar, og skal fullfinansierast uavhengig av om bompengepakken vert vedteken i Stortinget. Prosjektet er med som delprosjekt på strekninga på fv. 551. Det å utbetre framkome og trafikktryggleiken på strekninga er viktig både for lokale og regionale interesser.



*Figur 4: Plankart. Reguleringsplan vart vedteke i september 2017.*



*Figur 5: Dagens Fureberg bru. Biletet viser Furebergfossen med middel vassføring i elva.*



Figur 6: Flyfoto. Raud linje markerar prosjekt 3.

#### 4.1.3 Årsnes – Folgefonntunnelen

Fv. 551 er einaste inn- og utfartsruta i Kvinnherad kommune som går via fastlandet, og er ruta for ferjetrafikken mellom Årsnes, Jondal og Odda. Strekninga har ein viktig lokal og regional funksjon.

Mellom Folgefonntunnelen og Furebergfossen er det sidebratt terreng, med høge skjeringar og fall ned mot fjorden. Terrenget fører til vanskelege køyreforhold, spesielt i området Krokaparsellen. Her er det smal veg med dårleg kurvatur, som skapar vanskelege siktforhold. Det er fleire områder på vegstrekninga som manglar passering for to køyretøy. Samstundes er det ein svært skredutsett vegstrekning. Det fell jamleg stein/blokker ned i vegen og det går snøskred enkelte stader langs strekninga.

Målet er å skredsikre vegstrekninga Folgefonntunnelen – Årsnes, og å betre trafikktryggleiken og framkome på heile strekninga.

3A: *Tunnel Sunndal*. I forprosjekt og fagleg tilråding ser ein for seg skredsikring av del av Krokalandet med kort tunnel. Kartet under syner muleg tunnelløysing. Kostnader er vurdert til 350 mill. kr.

3B: *Vegutbetring* På eksisterande veg, på begge sider av ny tunnel, er det behov for å gjere mindre vegutbetringar, som å rette opp kurvatur og breiddeutvidingar. Utbetringane er tenkt tilpassa ei økonomisk ramme på 88 mill. kr. Eventuelle meirkostnader på 3a kan føre til at denne ramma vert redusert.



*Figur 7: Figuren viser med blå strek strekkja som er aktuell for vegutbetring. Raud strek viser aktuell strekkje for tunnel.*

Det er ynskjeleg å tilføra prosjektet ytterlegare midlar (skredsikringsmidlar og andre midlar) ut over det som er vist i dagens finansiering.


Det er i Kvinnheradpakken sett av midlar til bygging for byggetrinn 1a frå Furebergfossen bru til Folgefonn tunnelen. Her er det sett av 350 mill. kr til tunnel ved Sunndal (3a) og 100 mill. kr til vegutbetring (3b). For neste byggetrinn 1b frå Furebergfossen bru til Årsnes ferjekai er det sett av planmidlar (8 mill. kr).

#### **4.1.4 Fv. 48 Herøysundet**

Delstrekninga av fv. 48 går gjennom bygda Herøysundet sørvest i Kvinnherad kommune. I likskap med fleire bygder i Kvinnherad fører fv. 48 med seg gjennomgangstrafikken mellom Husnes og Rosendal. I Herøysundet er det barneskule, barnehage og idrettsanlegg. Likevel er det ikkje tilrettelagt for mjuke trafikantar langs fv. 48. Det manglar gang- og sykkelveg i eit område med busetnad på begge sider av fylkesvegen. Kollektivtilbodet er godt dekkja langs strekninga, men busslommer er utan universell utforming og har dårleg standard, elles er det kantstopp med uheldig plassering. Avkøyrslar til eigedommar er stort sett individuelle.

Målet med prosjektet er å gje eit tilbod til mjuke trafikantar og betra trafikktrykkleiken på vegstrekninga. Det skal byggjast 2315 meter gang- og sykkelveg med tilrettelagte kryssingspunkt, busslommer skal betrast og universelt utformast, samt nye lokaliseringar for kantstopp. Avkøyrslar frå busetnaden til fv. 48 skal samlast til færre fellesavkøyrslar og det skal sikrast gode siktforhold i eksisterande kryss.

Kommunen ser føre seg å dele arbeidet inn i to byggjesteg der ein tek partiet frå kryss «Nyesvingen» til kryss Bringedalbygda nord i første fase (byggetrinn 1) og Helvik- «Nyesvingen» i byggetrinn 2. Reguleringsplanen vert utarbeida for heile strekkja samla, og er venta vedtatt i 2018. Ramma som er sett av til prosjektet er venta å finansiere byggetrinn 1. Dersom det vert overskytande midlar vert det byrja på byggetrinn 2.



Figur 8: Flyfoto som viser byggetrinn 1 (oransje) og byggetrinn 2 (rosa)

#### **4.1.5 Trafikktrygging og mindre vegutbetringar, generell punktutbetring**

Tiltaket gjeld hovudsakelig øvrige fylkesvegar i kommunen. Enkelte øvrige fylkesvegar er viktige då dei er knytt til ulike ferjestø eller fungerer som samlevegar

for større område med busetnad og næring. Likevel er det snakk om smale bygdevegar med dårleg kurvatur og mangel på trygt rekkverk og møteplassar. Fleire av vegane lir av forfall.

Måla er å heve vegstandarden, stagnere forfallet og auke trafikktryggleiken. Dette skal gjerast via punkt- og strekningsvis utbetring. Tiltaka vert å byggje møteplassar, kantforsterking og utbetring av kurvatur, rekkverk og betre siktforholda med rydding av vegetasjon.

Aktuelle strekningar er fv. 48 Erslandsmarka, fv. 62 Landa – Sydnes, fv. 44 Kaldestadvegen trinn 1, fv. 544 Sæbøvik sentrum, samt andre mindre tiltak.


#### *4.1.6 Fv. 544 Sæbøvik – Eidsvik – Tofte*

På Halsnøy går gjennomgangstrafikken til ferjesambandet Skjersholmane – Ranavik og snøggbåtruta gjennom området Sæbøvik–Eidsvik. Denne delstrekninga av fv. 544 har låg vegstandard og er utan tilrettelegging for mjuke trafikantar.

Målet er å auke vegstandarden og leggje til rette for mjuke trafikantar. Dette ved å breiddeutvide vegbana og byggje gang- og sykkelveg. Prosjektet har vedtatt reguleringsplan frå 2008.



*Figur 9: Delar av gjeldande reguleringsplan for strekninga Sæbøvik–Eidsvik.*



*Figur 10: Flyfoto: Delprosjektet fv. 544 Eidesvik – Sæbøvik er markert med blå linje. Vegen fungerer som tilkomst til ferjeleiet på Ranavik.*

Aust for Sæbøvik sentrum, på Halsnøy, er det eit parti av fv. 544 med smal vegbreidde og bratt helling på 6–7 %. Vegstrekninga er kalla Toftebrekka og byr på utfordringar relatert til framkome, trafikktryggleik og dårleg grunnforhold. Her er det tett busetnad langs fylkesvegen og gjennomgangstrafikk av reisande med ferjesambandet Skjersholmane – Ranavik og snøggbåtruta. Det har lenge vore eit ynskje å betre forholda for både mjuke og harde trafikantar. Enkelte trafikktryggleikstiltak er gjennomført, men er ikkje tilfredstillande nok og kjem i konflikt med dei ulike trafikantgruppene. Grunnforholda har til no sett grenser for ytterlegare tiltak.

Målet med prosjektet er å betre framkome for køyrande og auke tryggleiken for gåande og syklende. Fyrste tiltak vert å gjere ytterlegare grunnundersøkingar. Vidare må det takast eit val om det er økonomisk mogleg å utbetre eksisterande veg, særskilt med omsyn til utfordringar knytt til grunnforholda. Om det er tenleg, skal vegen breiddeutvidast og kurvaturen rettast opp. Det vert tilrettelagt for mjuke trafikantar i form av fortau eller gang- og sykkelveg. Eit anna alternativet er å flytte ferjeleiet frå Halsnøy, slik at gjennomgangstrafikken forsvinn og årstdøgntrafikken på vegstrekninga vert mindre.


Det er i dag avsett ei mindre løyving i pakken. Løyvinga må aukast betrakteleg om pågåande grunnundersøking og forprosjekt viser att tiltak i Toftebrekka er tilrådeleg. I så fall kan prosjektet verta tilført midlar frå prosjekta med lågare

prioritet. «Toftebrekko» må uansett til ein viss grad trafikktryggast. Ein må forventa ein vesentleg auke i 2023 på trafikktala når Halsnøysambandet er nedbetalt.

Prosjektet medfører bygging av 550 meter ny veg med fortau, og har godkjend reguleringsplan frå 1997.



Figur 11: Gjeldande reguleringsplan for området Sæbøvik-Tofte.



Figur 12: Figuren viser med blå strek aktuell strekkje for prosjekt 8, frå Eidsvik i vest til Toftebrekka i aust.

#### 4.1.7 Fv. 48/544 Opsanger – Sunde kai – Porsvik

Vegstrekninga mellom Opsanger og Porsvik omfattar fylkesvegane 48, 544 og 43, og er trafikkert av reisande til–frå Halsnøy, Husnes, Sunde og Sunde snøggåtkai. Vegstrekninga knyt saman tettstadane Husnes og Valen som begge har stor busetnad og er viktige arbeidsplassar i kommunen. Fv. 43 er tilkomstvegen til


snøggåtkai på Sunde, men kan òg potensielt bli det nye ferjeleiet til Skjersholmane-sambandet.

Mellom Opsanger og Porsvik manglar det eit tilbod for mjuke trafikantar, og det er heller ikkje lagt til rette for å kunne gå og sykle til snøggåten på Sunde ferjekai. Fylkesvegane har vekslande standard der strekkja på fv. 544 Reset-Opsanger spesielt skil seg ut.


Det overordna målet med prosjektet er å knyte saman tettstadane Husnes, Sunde og Valen med gang- og sykkelveg, samt betre vegstandarden for gjennomgangstrafikken. Dette vil styrke Husnes som regionsenter.

Prosjektet omfattar ny veg med gang- og sykkelveg på om lag 0,7 km på fv. 43, 1,3 km på fv. 544 og 0,6 km på fv 48.

Det må utarbeidast detaljreguleringsplan for heile prosjektet med løysingar for køyrande, gang-/sykkeltrafikk og ulike kryss. Tiltaka vil følgje eksisterande vegnett, men det er stort behov for opprusting både for å auke trafikktryggleik og framkome. Strekkja Porsvikreset - Opsanger vil verta hovudveg for trafikk til/frå ferjesambandet Stord - Kvinnherad og må dimensjonerast deretter.



*Figur 13: Reguleringsplan Opsangervågen industriområde frå 2006.*



*Figur 14: Strekninga mellom Opsanger og Porsvika er teikna inn med blå strek.*

#### **4.1.8 Fv. 48 Sandvoll sentrum**


Vegstrekninga er ein del av fv. 48 på Sandvoll, sør i Kvinnherad kommune. Nord for Sandvoll industriområde ligg Handeland bru, ei flott steinkvelingsbru bygd i 1924. Brua er smal med dårleg rekkverk og er ikkje tilrettelagt for mjuke trafikantar. Fylkesvegen er skulevegen for mange born, men det er ikkje tilstrekkeleg lagt til rette for mjuke trafikantar, då delar av vegstrekninga manglar gang- og sykkelveg.

Elles har vegstrekninga ein låg standard med dårleg kurvatur som fører til utfordrande siktforhold.

Målet med prosjektet er å leggja til rette for mjuke trafikantar, slik at skulevegen vert betra og trafikktryggleika aukar. Det skal byggast gang- og sykkelveg på den strekninga som manglar, samstundes skal vegen utbetrast og avkøyrslar sanerast. Det skal byggjast ny bru med tilslutning til fylkesvegen. Eksisterande bru vert bevart som eit viktig kulturminne.



Figur 15: Gjeldande reguleringsplan frå 2008.



Figur 16: Flyfoto viser Sandvoll sentrum. Blå strek viser utstrekninga til prosjekt 10.

#### 4.1.9 Fv. 551 Folgefonntunnelen – Årsnes, byggetrinn 2

Dette prosjektet er ei vidareføring av prosjekt 4.1.5 / nr. 5B. I dette prosjektet vert det sett av planmidlar med tanke på ei framtidig utbygging av heile strekkja fv. 551, Folgefonntunnelen – Årsnes. Det er mellom anna naudsynt med ein ny Fureberg tunnel med to køyrefelt. Fureberg tunnelen vert i mellomtida rusta opp etter «Tunnelsikkerhetsforskriften».



Figur 17: Blå markering viser strekninga mellom Fureberg bru og Årsnes som ein del av prosjekt 11.

### *Andre prosjekt i Kvinnherad*


#### *Fv. 48 Lundssvingane*

Vegstrekninga er ein del av fv. 48 som er hovudvegen mellom Rosendal og Husnes. Eksisterande vegstrekning går gjennom eit tettbygd område, og tener òg ein del lokaltrafikk tilknytt bustader, fritidsbustader og naust. Vegen har hatt dårleg kurvatur som skapte vanskelege siktforhold. Det var ikkje tilrettelagt for mjuke trafikantar, slik at gåande, syklende og reisande som ventar på buss måte bruke vegbana.

Måla med prosjektet var trafikktrygging og å betre framkome for køyrande, gåande og syklende.

Kvinnherad kommune har bygd 700 meter ny og rett vegstrekning med 7,25 meter vegbreidde, gang- og sykkelveg på 3 meter åtskilt frå vegen med 1,5 meter rabatt, samt nye busshaldeplassar. Eksisterande vegstrekning skal omklassifiserast til kommunal veg og vert ein tilkomstveg for bu- og fritidsbustader og naust. Avkøyrslar vert utbetra og slått saman til felles avkøyrslar.

Prosjektet var ferdigstilt og opna juni 2018. Prosjektet vert finansiert med fylkeskommunale midlar, kompensasjonsmidlar, og midlar frå Kvinnherad kommune.



*Figur 18: Utsnitt frå gjeldande reguleringsplan for området: Lundshaugen – 95/50 m.fl.*



*Figur 19: Flyfoto som viser traseen gjennom Lundsneset*

### ***Kollektivtrafikktiltak (Rosendal og Husnes)***

#### **Rosendal:**

I Rosendal sentrum er det mykje besøkjande og stor gjennomgangstrafikk på fv. 48. Skålakaien er stopp for snøggbåtsambandet mellom Rosendal og Bergen.

Når snøggbåten legg til, kan den trafikale situasjonen vera kaotisk som følgje av mangelfull og dårleg utforma busshaldeplass, samt manglande venterom for

reisande og parkering for personbilar. Eksisterande busshaldeplass har ikkje universell utforming og har avgrensa oppstillingsplassar for bussar. Det er ikkje separert areal for mjuke og harde trafikantar.

Kollektivknutepunkt i Rosendal sentrum ved Skålakaien er under bygging. Dette skal kople saman snøggåtkai, haldeplass for taxi og buss og henteareal for personbiltrafikk. Den nye haldeplassen/snusløyfa for buss skal redusere eksisterande problem rundt oppstillingsplassar for buss og avstand mellom snøggåtkai og vidare transport. Området skal legge til rette for venteareal og gjerast tilgjengeleg og trafikktrygt for alle.

Prosjektet har godkjend reguleringsplan frå 2013 og starta opp i september 2017 med utfylling av stein frå fv. 48 Lundsneset. Vidare skal det etablerast ny kaifront, infrastruktur og terminalbygg. Det er planlagt i april 2018. Prosjektet vert finansiert med fylkeskommunale og kommunale midlar, samt bompengar. Kvinnherad kommune har forskottert bompengedelen av finansieringa.



*Figur 20: Flyfoto. Området for kollektivknutepunkt i Rosendal er markert med oransje.*



*Figur 21: Forprosjekt for kollektivknutepunkt i Rosendal (illustrasjon).*

### **Husnes:**

Husnes har status som regionsenter i Hordaland. Sentrumet ligg tett opp mot eit av dei største bustadområda i kommunen, har godt etablerte servicetilbod og husar nokon av dei største arbeidsplassane i kommunen. I sentrumet ligg òg barne-, ungdom- og vidaregåande skule. Tilkomsten til sentrumet er via fv. 48, fv. 44 og den kommunale Opsangervegen.

Utfordringa for Husnes sentrum er mangelfulle og dårleg utforma busshaldeplassar. Bussar står parkert i ulike retningar og kapasiteten er avgrensa. Det er heller ikkje ein eigna taxi-haldeplass, og busshaldeplassane manglar universell utforming. Situasjonen er kritisk då fleire jobbpendlarar, born- og skuleungdom og reisande med snøggbåt til Sunde er avhengig av kollektivtilbodet i Husnes sentrum.

Målet med prosjektet er å betre forholda for gåande/syklende og kollektivreisande i Husnes sentrum. Dette skal løysast gjennom rask inn- og utkøyring til terminal, direkte kontakt med sentrale gangsystem og parkeringsplassar i umiddelbar nærleik. Buskapasiteten skal aukast. Det skal byggjast servicebygg som skal tene både sjåfør og reisande. Taxi-haldeplass og parkeringsplass skal ha god tilkomst til kollektivterminal.

Regionsenteret Husnes får i desse dagar eit «ansiktsløft» med bygging av ny Opsangerveg, mellom anna utforma som miljøgate mellom næringsbygga og Opsangervatnet. Prosjektering av nytt kommunalt tenestesenter i «Aksen» er starta, eit arbeid som vil bli koordinert saman med prosjektering av nytt kollektivknutepunkt.



Figur 22: Til høyre: Gjeldende reguleringsplan, til venstre: flyfoto Husnes sentrum.



Figur 23: Flyfoto over Husnes som viser lokalisering for kollektivknutepunkt.

## 5. Utbyggingsplan

Det vert lagt til grunn ein utbyggingsperiode på 6 år, der det største prosjektet i pakken, byggetrinn 1 Folgefonntunnelen – Furebergfossen bru har anleggstart i 2020. Foreløpig budsjett 2018–2023 i tråd med framdriftsplanen ser slik ut:

Tabell 2 Foreløpig budsjett 2018–2023 basert på framdriftsplan (mill. 2018-kr)

| Pri | Veg       | Prosjekt                                                 | Status                                 | 2018      | 2019      | 2020       | 2021       | 2022       | 2023       | Kostnad<br>2018-kr |
|-----|-----------|----------------------------------------------------------|----------------------------------------|-----------|-----------|------------|------------|------------|------------|--------------------|
|     | Fv 48     | Lundssvingane                                            | Ferdig                                 | 40        |           |            |            |            |            | 40                 |
|     |           | Kollektivtiltak Rosendal                                 | Under bygging/prosjektering            | 19        | 19        |            |            |            |            | 38                 |
|     |           | Kollektivtiltak Husnes                                   | Planlegging                            |           |           | 12         |            |            |            | 12                 |
|     |           | <b>Totalt for prosjekt under bygging</b>                 |                                        | <b>59</b> | <b>19</b> | <b>0</b>   | <b>0</b>   | <b>0</b>   | <b>0</b>   | <b>78</b>          |
| 1   | Fv 544    | Nytt ferjesamband mot Stord, tilknytning E39,            | Planarbeid starta                      | 2         | 3         |            |            |            |            | 5                  |
| 2   | Fv 551    | Furebergfossen bru- rassikring                           | Reguleringsplan godkjent               | 40        | 17        |            |            |            |            | 57                 |
| 3A  | Fv 551    | Årsnes-Folgefonntunnelen: Byggetrinn 1<br>Tunell Sunndal | Manglar reguleringsplan                |           |           | 50         | 100        | 100        | 100        | 350                |
| 3B  | Fv 551    | Årsnes-Folgefonntunnelen: Byggetrinn 1<br>Vegutbetring   | Truleg ikkje trong for reguleringsplan |           |           | 50         | 50         |            |            | 100                |
| 4   | Fv 48     | Herøysundet                                              | Reguleringsplan venta godkjent hausten |           | 10        | 19         |            |            |            | 29                 |
| 5   |           | TS tiltak - generelt (punktutbetring).                   |                                        |           |           | 10         | 12         | 11         |            | 33                 |
| 6   | Fv 544    | Sæbøvik - Eidsvik - Tofte                                | Delvis godkjent reguleringsplan        |           |           | 10         | 10         | 12         |            | 32                 |
| 7   | Fv 544/48 | Opsanger - Porsvik                                       | Delvis godkjent reguleringsplan        |           |           | 31         | 31         | 26         |            | 88                 |
| 8   | Fv 48     | Sandvoll Sentrum, byggetrinn 1                           | Reguleringsplan godkjent               |           |           | 10         | 34         |            |            | 44                 |
| 9   | Fv 551    | Folgefonntunnelen - Årsnes, Byggetrinn 2,<br>planlegging |                                        |           |           | 2          | 2          | 2          | 2          | 8                  |
|     |           | <b>Totalt for Kvinnheradpakken</b>                       |                                        | <b>42</b> | <b>30</b> | <b>182</b> | <b>239</b> | <b>151</b> | <b>102</b> | <b>746</b>         |

## 6. Finansieringsplan

Kvinnheradpakken er planlagt finansiert med skredsikringsmidlar, ordinære fylkeskommunale midlar, kommunale midlar, fylkeskommunal mva.-kompensasjon, og bompengar.

### 6.1 Bompengar

Det er føresett totalt 165 mill. kr i bompengar til prosjekt og tiltak i Kvinnheradpakken.

Med dei føresetnadene som elles er lagt til grunn, er brutto bompengeinntekter rekna til om lag 218 mill. kr. Om lag 46 mill. kr vil gå til å dekke finansieringskostnader (rente på lån) og vel 8 mill. kr til å dekke innkrevjingskostnader og drift av bompengeselskapet.

Fylkeskommunen må stille garanti for lånet. Låneopptak er venta å skje i åra 2020–2023.

Det lagt til grunn 5,5 pst. rente dei fyrste 10 åra og 6,5 pst. etter det. Dette er høgare renter enn kva som har vore tilbydd i marknaden dei seinare åra. Derav vert finansieringskostnadane i berekningane om lag 46 mill. kr. Dette er meint som ein ekstra trygghet for garantisten for å kunne handtere lån innanfor innkrevjingstida på 15 år.

## 6.2 Fylkeskommunale midlar

### Ordinære fylkeskommunale midlar

Det er lagt til grunn ei fylkeskommunal løyving på totalt 219 mill. kroner til satsing på fylkesvegnettet i Kvinnherad kommunen. Av dette er 199 mill. kr føresett til Kvinnheradpakken, og 20 mill. kroner i tilskott til Kvinnherad kommune for prosjekt kommunen er byggherre for utanom Kvinnheradpakken.

Til Kvinnheradpakken er det føresett årlege fylkeskommunale løyvingar i tråd med tabellen under (mill. 2018-kr):

*Tabell 3 Foreløpig plan for fylkeskommunale løyvingar til Kvinnheradpakken*

|                        | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 |
|------------------------|------|------|------|------|------|------|------|
| Fylkeskommunale midlar | 7    | 5    | 32   | 56   | 41   | 38   | 20   |

### Skredsikringsmidlar

På strekninga fv. 551 Folgefonntunnelen – Årsnes har fylkeskommunen prioritert totalt 307 mill. kr i skredsikringsmidlar til Furebergfossen bru og Krokalandet. Krokalandet er prosjekt 3a Folgefonntunnelen – Årsnes (Sunddaltunnelen).

*Tabell 4 Foreløpig plan for fylkeskommunale løyvingar av tilskot til skredsikring*

|                     | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---------------------|------|------|------|------|------|------|
| Skredsikringsmidlar | 40   | 6,4  | 50   | 100  | 100  | 10,3 |

## 6.3 Kommunale midlar

### Ordinær kommunal løyving

Kvinnherad kommune har prioritert 109 mill. 2017-kroner til pakken ekskl. mva.

Den totale kommunale løyvinga til fylkesvegsatsinga inkludert mva vert 124,3 mill. kr. Kvinnherad kommune er byggherre for tre fylkesvegprosjekt, og vil få refundert meirverdiavgifta på totalt 15,3 millionar kroner for desse prosjekta. Prosjekta er ikkje med i Kvinnheradpakken.

Det er føresett at kommunen yter 75 mill. kr i tilskot til Kvinnheradpakken. Det er føresett at kommunen bidreg med 15 mill. kr i 2019 og 20 mill. kr i årlege tilskot i åra 2020–2022 til

Kvinnheradpakken. Resterande 49,3 mill. kr av kommunale midlar går til fylkesvegprosjekt kommunen er byggherre for.

### Kompensasjon for auke i arbeidsgivaravgift

Kommunen har stilt til rådvelde 20,3 mill. kr i laupande kroner til fylkesvegprosjekt kommunen er byggherre for.

## 6.4 Oppsummering av finansiering

Finansieringsplan for Kvinnheradpakken og fylkesvegprosjekt i regi av Kvinnherad kommune er oppsummert i tabellen under (mill. 2018-kr).

*Tabell 5 Finansieringsplan Kvinnheradpakken og andre fylkesvegprosjekt i regi av Kvinnherad kommune (mill. 2018-kr)*

|                                                  | <b>Kvinnheradpakken</b> | <b>Fylkesvegprosjekt<br/>(i regi av<br/>kommunen)</b> | <b>Totale satsing<br/>på fylkesvegar<br/>i Kvinnherad</b> |
|--------------------------------------------------|-------------------------|-------------------------------------------------------|-----------------------------------------------------------|
| Kommunale midlar                                 | 75                      | 49,3                                                  | 124,3                                                     |
| Fylkeskommunale midlar                           | 199                     | 20                                                    | 219                                                       |
| Skredsikringsmidlar (statleg tilskot)            | 307                     |                                                       | 307                                                       |
| Bompengar                                        | 165                     |                                                       | 165                                                       |
| Kompensasjonsmidlar for auka arbeidsgjevaravgift |                         | 20,3                                                  | 20,3                                                      |
| <b>Sum</b>                                       | <b>746</b>              | <b>90</b>                                             | <b>836</b>                                                |

Fordeling av midlar til dei enkelte prosjekta er tenkt omtrent som i tabellen under. Merk at midlane frå partane ikkje er «øyremerka» dei enkelte prosjekta. Det vil sannsynlegvis kome endringar i styring av pakken. Det er naudsynt å runde opp totale løyvingar til heile mill. kr.

Tabell 6 Foreløpig fordeling av midlar på enkelt prosjekt i Kvinnheradpakken og til fylkesvegprosjekt kommunen er byggherre for (mill. 2018-kr)

| Finansieringsplan for fylkesvegsatsinga i Kvinnherad |           |                                                                   |                |                 |             |                   |           |                        |                     |                    |
|------------------------------------------------------|-----------|-------------------------------------------------------------------|----------------|-----------------|-------------|-------------------|-----------|------------------------|---------------------|--------------------|
| Pri                                                  | Vegnr.    | Prosjekt                                                          | MVA<br>komp KK | MVA<br>komp HFK | HFK tilskot | HFK<br>Rassikring | Bompengar | Kommunal<br>tilskot KK | Komp arb.<br>Avgift | Kostnad<br>2018-kr |
|                                                      | Fv 48     | Ny veg Lundssvingane                                              | 6,3            |                 | 10          |                   |           | 3                      | 20,3                | 40                 |
|                                                      | Fv 48     | Kollektivtiltak Rosendal                                          | 7              |                 |             |                   |           | 31                     |                     | 38                 |
|                                                      |           | Kollektivtiltak Husnes                                            | 2              |                 | 10          |                   |           |                        |                     | 12                 |
| Totalt, fylkesvegprosjekt Kommunen er byggherre for  |           |                                                                   | 15             | 0               | 20          | 0                 | 0         | 34                     | 20                  | 90                 |
| 1                                                    | E39       | Nytt ferjesamband mot Stord,<br>planlegging                       |                | 1               | 4           |                   |           |                        |                     | 5                  |
| 2                                                    | Fv 551    | Furebergfossen bru                                                |                | 10              |             | 47                |           |                        |                     | 57                 |
| 3A                                                   | Fv 551    | Følgefonntunnelen – Årsnes,<br>byggetrinn 1 (Tunnel Sunndal)      |                | 60              |             | 260               | 30        |                        |                     | 350                |
| 3B                                                   | Fv 551    | Følgefonntunnelen – Årsnes,<br>byggetrinn 1 (Vegutbetring)        |                | 18              | 61          |                   | 21        |                        |                     | 100                |
| 4                                                    | Fv 48     | Herøysundet                                                       |                | 5               |             |                   | 13        | 11                     |                     | 29                 |
| 5                                                    |           | TS tiltak – generelt (punktutbetring),<br>herunder Kallestadvegen |                | 6               | 5           |                   | 20        | 2                      |                     | 33                 |
| 6                                                    | Fv 544    | Sæbøvik – Eidsvik – Tofte                                         |                | 5               |             |                   | 24        | 3                      |                     | 32                 |
| 7                                                    | Fv 544/48 | Opsanger – Porsvik                                                |                | 15              |             |                   | 49        | 23                     |                     | 87                 |
| 8                                                    | Fv 48     | Sandvoll Sentrum, byggetrinn 1                                    |                | 8               |             |                   | 1         | 36                     |                     | 45                 |
| 9                                                    | Fv 551    | Følgefonntunnelen – Årsnes<br>Byggetrinn 2                        |                | 1               |             |                   | 7         |                        |                     | 8                  |
| Totalt, Kvinnheradpakken                             |           |                                                                   | 0              | 129             | 70          | 307               | 165       | 75                     | 0                   | 746                |
| Totalt fylkesvegsatsing i Kvinnherad                 |           |                                                                   | 15             | 129             | 90          | 307               | 165       | 109                    | 20                  | 836                |